

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 14.02.2019

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- ENDRING I PRIOTERINGSLISTE OG FORSKOTERING AV SPELEMIDLAR
- FORVALTNINGSREVISJON. OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK. HANDSAMING AV RAPPORT
- GODKJENNING AV LOKAL FORSKRIFT OM FEIING OG TILSYN MED FYRINGSANLEGG I GULEN KOMMUNE
- KLAGE PÅ VEDTEKEN REGULERINGSPLAN FOR SKIPAVIKA NÆRINGSARK
- SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE
- SØKNAD OM SKJENKELØYVE
- ÅRSRAPPORT FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND 2018 OG STRATEGIAR FOR 2019
- GULEN KOMMUNE SITT IKT SAMARBEID. VURDERING AV OVERGANG FRÅ SYSIKT (SUNNFJORD OG YTRE SOGN) TIL IKTNH (NORDHORDLAND)
- SAMARBEID I RANDKOMMUNANE I NORDHORDLAND (INKL. GULEN). OPPGÅVEFELLESKAP REKNESKAP OG LØN
- UTBYGGING AV FIBERBREIBAND I GULEN. TILLEGGSAVTALE
- PRIORITERING AV PROSJEKT TIL NASJONAL TILSKOTSORDNING FOR UTBYGGING AV BREIBAND 2019
- GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2018 FOR KONTROLLUTVALET I GULEN
- SKILDRING AV GULEN KOMMUNE. UTFORDRINGS-DOKUMENT HEILSKAPLEG RISIKO OG SÅRBARHEITSVURDERING

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 11.00.

Sakstiltfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar



Besøksenter på Gulatinget



I desse dagar er forprosjektet knytt til besøksenteret på Gulatinget i avslutningsfasen. Ei arbeidsgruppe bestående av Eigedomsavdelinga

hjá fylkeskommunen, CUBUS Arkitektgruppe, dagleg leiar for Gulatinget og eit brukarutval har gått gjennom dei opphavlege planane og kvalitetssikra dei. Bygget har blitt justert etter dagens behov, og ulike funksjonar i bygget har blitt gjennomgått nærmare. Resultatet av arbeidet dannar grunnlag for søknad om statsmidlar med frist i mars.

Formidling

Det vart over statsbudsjettet for 2019 løyvd kr 0,5 mill til å styrke formidlinga med ei eiga stilling på Gulatinget.

Løyvinga kom i stand som eit resultat av regjeringsforhandlingane, etter initiativ frå KrF.

For 2019 vert det tilsett formidlar i ein prosjektstilling med høve til forlenging. Målsettinga er å sikre ein 100% fast stilling knytt til formidling frå 2020.

Kulturmidlar 2019

Lag og organisasjonar kan søkje kommunen om kulturmidlar. Søknadsfristen er 31. mars 2019.

Det er to ulike ordningar å søkje på, ein for ålment kulturarbeid, og ein for kulturmidlar for born og unge. Søknadsskjema ligg på Gulen kommune si heimeside, under kulturmidlar.



GULEN 2019

Ungdomsrådet og Gulen Frivilligsentral arrangerer UKM i 2019.

Kva er UKM? Ung Kultur Møtes! Ein arena der du kan drive med hobbyen din, og syne fram kva du gjer på. Du kan få eit fellesskap med andre unge som dyrkar same eller andre hobbyar.

Har du øvd på noko på kulturskulen? Har du ein hobby du likar å drive med? Har du opptreidd med noko i 4H eller på skuleavslutning? Bruk det vidare!

Lokalmønstringa vår er 15. februar, påmeldingsfrist er 1. februar. Meld deg på på ukm.no og finn ditt lokal UKM ☺

På lokalmønstringa får ein tilbakemelding på det ein gjer, alle får ei rose, og ingen vinn eller tapar. Vi plukkar ut nokre som får representere Gulen på fylkesfestivalen.

Ved spørsmål, kontakt Bastian Steine, Natalie Daae Angeltvedt eller Vivian Våge.



VAL

På tide å førebu seg til valet

Måndag 9. september 2019 er det kommunestyre- og fylkestingval. Allereie no bør parti og andre som ynskjer å stille liste til valet, førebu seg.

Frist for å levere inn liste til kommunestyrevalet er 1.april klokka 12:00. Denne fristen kan ikkje overskridast.

Slik skal lista sjå ut

Lista skal ha ei overskrift som viser kva parti eller gruppe forslaget går ut frå. Lista må ikkje kunne forvekslast med andre grupper

eller parti. Registrerte parti må bruke sitt registrerte namn.

Lista skal ha minst 7 kandidatar og maks 23 (17 kommunestyrerepresentantar + 6).

Inntil fire av dei øvste kandidatane kan førehandsprioriterast. Det betyr at dei får eit stemmetillegg på 25%. Desse namna skal stå med utheva skrift.

Alle kandidatane må førast opp med førenamn, etternamn og fødselsår. Det er opp til forslagsstillarane om dei vil legge til bustad og/eller stilling. Dette må i så fall gjerast for alle kandidatane.

Fødselsdatoen til alle kandidatane må ligge ved lista slik at valstyret kan kontrollere identiteten og ta stilling til om dei kan velgjast.

Bruk gjerne malane som Valdirektoratet har utarbeidd på <https://valg.no> , eller du kan gå til kommunen si heimeside for meir detaljert informasjon.

Tilrettelagt transport

Dør-til-Dør-transport

Har du behov for drosjetransport grunna varig forflyttingshemming på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming kan du ha rett på Tilrettelagt transport, også kalla Dør til Dør transport. Transporttilbodet skal bidra til at brukarane skal kunne leve eit så aktivt liv som mogleg og er i utgangspunktet eit tilbod som brukarar kan nytte til fritidsreiser som kulturarrangement, sosiale aktiviteter og reiser til dagleglivets gjeremål. Blir du godkjent som brukar får du tildelt ei sum som du kan ta drosjetransport for og drosja vil hente deg på døra og køyre deg dit du skal.

Du finn meir informasjon og søknadsskjema på Gulen kommune sin heimeside eller på www.sf.no/tilrettelagttransport. Du kan og ta kontakt med ekspedisjonen så du kan få tilsendt søknadsskjema i posten.

Førebyggjande tiltak mot demens

Visse risikofaktorar kan knytast til Alzheimer og andre demenssjukdommar. Sunne levevanar bidrar til god helse og kan redusere



risikoen for demens og ei rekke andre sjukdommar. Gode tips for betre helse er:

- Å slutte å røyke
- Ete meir fisk, frukt og grønt
- Dagleg mosjon
- Måtehald med alkohol
- Få sjekka blodtrykk og kolesterol
- Søke utredning og behandling ved teikn på depresjon
- Vere sosial og ha eit aktivt liv
- Kjelde:
<https://nasjonalforeningen.no/demens/forebygging/>

Har du spørsmål om demens?



Hukommelsesteamet i Gulen:
Miek Norman, tlf. 41 61 09 72 og Synnøve
B. Giil, tlf. 91 10 41 88

Info frå Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim

Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim vil med dette rette ei stor takk til Eivindvik Sanitetslag som arrangerte juletreff på Gulen sjukeheim 06.01.2019 og Norgulfjorden Sanitetslag som arrangerte juletreff på Eivindvik bu- og omsorgsenter 04.01.2019. Vi vil også rette ein takk til alle enkeltpersoner, lag og skule/barnehage som har bidratt med ulike tilstellingar eller på anna vis berika kvardagen på sjukeheimen og omsorgssenteret i 2018.

Mvh personal og bebuarar

Gratulerer til dei nye fagarbeidarane som har gjennomført fagprøven på Gulen sjukeheim i 2018:

Torill Svaberg (kokk), Kristine Brosvik (kokk), Igor Misic (helsefagarbeidar), Sandra Hovland (helsefagarbeidar) og Guri Mongstad (helsefagarbeidar)

Gulen sjukeheim. Avdeling for rehabilitering.

No er endeleg badet på pårønderommet ferdig. Vi er veldig fornøgde. Vi ynskjer å takke alle som har bidrege. Ein stor takk til vaktmeisteren vår Kåre, som har ferdigstilt badet.

Mvh
Personale og brukarar ved Gulen sjukeheim
v/Avd. sjukepleiar Joy Palmer



Takk for støtta

Psykisk helse har ynskje om å kunne reise på sosiale arrangement med brukarar, men har ikkje hatt budsjett til det. Vi har i den forbindelse søkt om midlar til dette tiltaket. Vi vil med dette takke Eivindvik, Dalsøyra og Ytre Gulen sanitetslag samt Brekke helselag for motteke støtte.

Med vennleg helsing Psykisk helse v/Anne Karin D. Haveland

Info frå tannklinikken

Tannklinikken har ope
Måndag - Fredag kl 08:00 – 14:00



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Eivindvik tannklinikk

BREKKE BYGDEKVINNELAG

arrangerer Bunadskurs til Ytre Sogn (Brekkebunad) til herre. Nytt kurs vil starte opp hausten 2019. Er du interessert i å sy herrebunad? God oppfølging og rettleiing undervegs. Dette kurset er for alle som har lyst til å sy Herrebunad, du treng ikkje ha forkunnskaper i å sy bunad.

Ta kontakt med Turid Strømsnes på telefon; 45803854

Melding til alle deltakarar i Håkonarspelet i Gulen

Alle deltakarar i Håkonarspelet er innkalla til møte

onsdag 20. mars 2019, kl. 19.00 i Gulatun på Oppdalsøyra.



Vi skal demokratisk avgjere fordeling av pengane i kassa, og bruk/lagring av kostyme og rekvisittar.

Håkonarspelet har no liten aktivitet og styret gjer framlegg om at pengane våre skal plasserast eller gjevast bort til frivillig arbeid

knytt til Gulatinget. Vi kan dele ut inntil kr 360 000.

Framlegg til bruk av midlane og lageret, skal sendast til styret innan 10. mars 2019, e-post: ingrid@hellwege.no

Styret i Håkonarspelet

Open dag – nytt bufellesskap og aktivitetssenter Kjellevold, Dalsøyra

Me er stolte av å kunne vise fram nytt bufellesskap og aktivitetssenter på Kjellevold, Dalsøyra. Alle er hjarteleg velkomne til å besøke nybygget.

Onsdag 6. mars mellom kl. 17.00 – 19.00.

Opning ved ordførar Hallvard Oppedal kl. 17.30.

Det vert servert kake og kaffi. Aktivitetssenteret vil vise fram og selje mange flotte produkt.



*Kunst, mat og husflidsmesse på
Oppdalsøyra 13. og 14. april 2019.
Meld deg på innan 4. mars til:*

*Gro Kristin Opdal: 92 82 33 27
Liv Marit Kjelby: 41 66 26 01
eller 577 83 455*

Arr. U/S Guls og Grendaluset Gulatun